

# Jubileumstrall

ÅSMUND SOLDAL

Galleri Trallala i Norheimsund rundar to år, og smeller til med ny utstilling laurdag. Kunstens tempel i Grova vart starta av kvemmingen Knut Markhus og engelskmannen Damon McNally.

Jubileumsutstillaren er keramikar og skulptør Kjersti Sletteland frå Bergen.

Magne Julin Vik-Mo fylte plassen då Markhus gjekk over i stillinga som fagleg leiar i Kabuso. Han seier det var ein del tvilarar i starten, men spådomar om snarleg død for galleriet vart gjorde til skamme. Trallala, med sin miks av lokal og internasjonal kunst, har vore godt motteke av kvemmingane, seier han.

Vik-Mo karakteriserer jubileumsutstillinga som ung, lo-

vande og spanande. Publikum vil møta ein leik med det tiltalende og det motbydelege. Ting som kan gje avskykjensler, vert sette opp mot det elegante eller det erotiske.

– Tema for utstillinga er det som lurar djupt i sinna våre, seier kunstnaren.

Ho leikar seg med den irrasjonelle frykta for insekt. Midt i rommet har ho såleis plassert store edderkoppar med kvinneføter.

Kjersti Sletteland har si kunstutdanning frå University of Wolverhampton i England.

**Keramikar og skulptør Kjersti Sletteland stiller ut kunst som er både tiltalende og motbydeleg i galleriet til Magne Julin Vik-Mo. Kva kategori er vevkjerringa i?**

Foto: Sigbjørn Linga

